

Nausteforeininga Nytt i Naust  
Skogsvågvegen 34  
5382 Skogsvåg  
Org nr 914 107 849

Sangolt 1. mai 2024

Riksantikvaren

Dronningens gate 13  
Oslo

#### Innspel til Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø.

Vi reprenseterer eigarane av den materielle kystkulturen som naust, sjøbuer, kaiar, nothengjer, støer, reiskap osv. I tillegg representerer vi også den handborne kunnskapen knytt til båtar, bygningar, fiske, handverk. Samla sett er alle eigarane ei svært stor og viktig målgruppe for både Riksantikvar og myndigheter forøvrig. Det er vi som faktisk kan gjere tiltak som er i samsvar med riksantikvaren sine ambisjonar. Politikken sålangt frå myndighetene har vore slett på dette feltet.

Vi har same røyndsomsoppfatninga som RA : Det står ille til, spesielt gjeld det bygningsmassen. Den er på veg ned. Bygningane kan værmessig stå utsett til.

Nausteforeininga er opptekne av offentleg støtte til å ta fatt i desse bygningane. Dei er kostbare å ta att, spesielt dei større bygga.

Men foreininga er mykje meir opptatt av det strame regelverket, det stive byråkratiet hos Statsforvaltaren, ( og delvis hos kommunane ) dei langvarige prosessane, kommunane sin därlege plankvalitet, dispensasjonane som blir avslegne fordi kommuneplanen ikkje held mål, detaljorienteringa osv. Det tek årevis å få ei sak igjennom, dette er advokatmat og kostbare prosessar for å realisere slike prosjekt.

Vi oppfattar at folk flest, naboor og tilreisande, politikarane og kulturverninteresserte er svært tilfredse når ein bygning er restaurert og ferdig istandsett. Men prisen i tid og prosess er for kostbar. Kystbygdene er stolte over sin kultur og vil gjerne hegne om den, men vi synest at vi vert motarbeidde av våre myndigheter.

Vi set stor pris på at RA vil gå offensivt inn i denne problematikken mht forenkling av alle prosessar og der kulturverdiane i desse sakene må verte oppgradert når avvegingar skal takast.

Vårt motto er som RA : Vern gjennom bruk. Idear og marknad må bestemme bruken - gitt den elles er lovlig etter anna regelverk. Bygningane må generere pengar etter restaurering - det er kostbare oppgraderingar det dreiar seg om.

I dagens diskusjon om naturtap ved anlegging av hytter/hus, er det openbert at samtykke til bruksendringar av eksisterande bygningar, er den opplagte løysinga: Bygget står der og her er ofte veg, kaiar og annan infrastruktur på plass allereie - det blir ikkje innhogg i nye areal. I tillegg restaurerer ein bygningar av kulturhistorisk verdi.

Vi erfarer at turistar frå inn- og utland set stor pris på slike facilitetar. Dei vil gjerne oppsøke det urnorske og det ekte.

Vi ynskjer med dette RA lykke til med prosessen : Det trengst store musklar

for å måle krefter med planbyråkratiet i landet vårt.  
Vi stiller oss gjerne til dispensasjon og samarbeid.

Med helsing

Naustforeininga Nytt i Naust

Sverre Sangolt

Leiar

[www.naust.org](http://www.naust.org)